


Forslag til planprogram for energi- og klimaplan

FOR KVAM HERAD FOR PERIODEN 2020 - 2024



Oppdatert i samsvar med

Formannskapsvedtak

007/20 den 05.02.2020

Innhold

1	Innleiing	2
1.1	Bakgrunn	2
1.1.1	Planprogram	2
2.	Bakgrunn for energi- og klimaplan	3
2.1	Reduksjon av klimagassar og klimatilpassing	3
2.2	Klima i endring.....	3
2.1	FN –sine berekraftsmål	3
2.2	Nasjonale føringar	5
2.3.	Regionale føringar	6
2.4.	Kommunale føringar.....	6
3.	Sentrale tema i det lokale klimaplanarbeidet	7
3.1	Utslepp av karbondioksid i Kvam.	7
3.1	Avfallshandtering.....	7
3.2	Bygg og eigedom	8
3.3	Energiproduksjon- og distribusjon	9
3.4	Haldningsskapande arbeid	9
3.5	Innkjøp og offentlege anskaffelsar	9
3. 6	Miljøstyring og miljøsertifisering.....	10
3.7	Landbruk.....	10
3.8	Transport og arealbruk.....	10
3.9	Vatn- og arealbruk	11
3. 10	Innovative løysingar og grønt næringsliv	11
3.11	Kommunal klimastrategi for kommunen sitt eigarskap	11
3.12.	Klimaendringar	12
3.13	Klimatilpassing.....	12
4.	Utgreiingar.....	12
5 .	Planprosess, framdrift, medverknad og organisering	14
5.1.	Planprosess og framdrift	14
5.2.	Medverknad	14
5.3.	Organisering	15

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Den gjeldande kommunedelplanen for klima og energi i Kvam herad (heretter kalla energi- og klimaplan) vart vedtatt av heradsstyret den 15.05.2012. I Kvam herad sin planstrategi for 2015 - 2019, vedtatt av heradsstyret den 13.12.2016, er det gjort vedtak om revisjon og oppstart av planarbeidet i 2019.

Noverande plan hadde fylgjande hovudtema:

- Klima- og energiutfordringane
- Lokal energibruk og lokale klimautslepp
- Klimatilpassing
- Forbruk og avfall
- Mål, strategiar og tiltak

Noverande klima- og energiplanen har som langsiktig målsetjing at Kvam herad -

«Klimagassutsleppa i Kvam herad skal i tråd med nasjonale mål – reduserast med 20 prosent (innanlandske utslepp) innan 2020 i høve utsleppet i 1990 dvs ein reduksjon på 8 000 tonn CO2 ekvivalentar til 32 000 tonn CO2 ekvivalentar (eks Elkem Bjølvefossen AS). Heradet skal førebu lokalsamfunnet på verknadane av eit klima i endring – og tilpasse arealbruk og beredskapsarbeid etter oppdatert kunnskap om klimaendringane».

Dei kortsiktige måla i planen (2011 -2016)

«Kvam herad skal redusere klimagassutsleppet (eksklusiv prosessutslepp ved Elkem Bjølvefossen) med 12 prosent av 1990 utsleppet (4 000 tonn CO2 ekvivalentar) – frå 40 700 tonn CO2 ekvivalentar til 36 000 CO2 ekv i 2016.

Kvam herad skal redusere energibruken i eigne bygg med 10 prosent innan 01.01.2015. Kvam herad skal fase ut bruk av fossilt brensel i eigne bygg, og samstundes arbeide for at dette også vert gjort i andre større næringsbygg i kommunen. Utfasinga skal vera gjennomført innan 01.01.2016.»

1.1.1 Planprogram

Plan- og bygningslova, jf § 4-1 legg til grunn at det skal utarbeidast eit planprogram, som eit ledd i varslinga av oppstart av planen og som grunnlag for det vidare planarbeidet. Planprogrammet skal gjera greie for planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva alternativ som vert vurdert og trongen til utgreiingar.

Forslag til planprogram skal sendast ut på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn, normalt samtidig med varsling av planoppstart. Heradsstyre fastset endeleg planprogram.

2. Bakgrunn for energi- og klimaplan

2.1 Reduksjon av klimagassar og klimatilpassing

Kvam herad sin energi- og klimaplan frå 2012 handla i stor grad om å redusera utslepp, sjølv om den også omhandla tema, «klimatilpassing». Ny plan vil vera meir todelt, ein viktig del vil handla om korleis me kan redusera utslepp av klimagassar, korleis redusera energiforbruket og sjå på moglegheitene for fornybar energi. Den andre delen vil i større grad ta for seg korleis me skal arbeida for klimatilpassing i vårt eige samfunn.

2.2 Klima i endring

«Når vi snakker om klimaendringer, handler det ofte om hvordan klimaet vil endre seg i framtiden. Men klimaet har endret seg mye allerede. FNs klimapanel sier at det er ekstremt sannsynlig at klimagassutslipp fra menneskelig aktivitet er den viktigste årsaken til temperaturøkningen på jorda de siste 60 årene. Konsentrasjonen av klimagassen CO₂ i atmosfæren har økt med rundt 40 prosent siden 1750. Økningen skyldes menneskelig aktivitet – først og fremst fra forbrenning av fossile brensler og avskoging» (FNs klimapanels femte hovudrapport).

2.1 FN –sine berekraftsmål

Om Parisavtalen-redusera global oppvarming


Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for berekraftig utvikling fram i mot 2030. Måla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Det gjeld for alle land og er eit vegkart for den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til dei menneska som lever i dag, utan å øydeleggja for framtidige generasjonar sine moglegheiter for å dekkja sine.



I budsjettet for 2019 og 2020 har rådmannen lagt til grunn at Kvam herad ynskjer å innarbeida FN sine bærekraftsmål i kommunen sine styringsdokument. I første omgang i budsjettet og i neste omgang kommuneplanen ved neste rullering. Tema som er spesielt understreka i budsjettet er:

- 3. God helse
- 4. God utdanning
- 9. Innovasjon og infrastruktur
- 12. Ansvarleg forbruk og produksjon
- 13. Stoppa klimaendringane

Grunnlaget for energi- og klimaplanen vert basert på FN sine bærekraftsmål, med lokal tilpassing og tilrettelegging, jf figuren nedanfor som er utarbeid for Asker kommune av Pure consulting. Målet må vera å gjera måla relevante i eige lokalsamfunn.



2.2 Nasjonale føringer

Nasjonale retningslinjer, stortingsmeldingar og andre dokument som legg føringer for det lokale energi- og klimaarbeidet.

- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing-2018.
«Kommunene, fylkeskommunene og staten skal gjennom planlegging og øvrig myndighets- og virksomhetsutøvelse stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslipp, samt økt miljøvennlig energiomlegging. Planleggingen skal også bidra til at samfunnet forberedes på og tilpasses klimaendringene (klimatilpassning).»
Regjeringa.no
- Statlege planretningslinjer samordna bustad-, areal og transportplanlegging-2014.
«Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.»
Regjeringa.no
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Vedtatt ved kongeleg resolusjon 14.mai 2019
« Regjeringen legger vekt på at vi står overfor fire store utfordringer: • Å skape et bærekraftig velferdssamfunn • Å skape et økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning • Å skape et sosialt bærekraftig samfunn • Å skape et trygt samfunn for alle De regionale og lokale myndighetene har sentrale oppgaver med å håndtere disse utfordringene. Det gjelder alle kommuner, uavhengig av størrelse og kompetanse. Planlegging er et av deres viktigste verktøy.» Forord side 3.

Andre nasjonale føringer:

- Stortingsmelding nr 41 (2016 – 2017). Klimastrategi for 2030. –norsk omstilling i europeisk samarbeid
«Regjeringen arbeider for å oppfylle Parisforpliktelsen sammen med EU. Gjennom et slikt samarbeid vil 2030-målet for ikke-kvotepliktige utslipp nås med hovedvekt på innenlandske utslippsreduksjoner og med nødvendig bruk av EU-regelverkets fleksibilitetsmekanismer. De ikke-kvotepliktige utslippene kommer i hovedsak fra transport, jordbruk, bygg og avfall, men også fra industrien og petroleumsvirksomheten. Regjeringens strategi for 2030 legger til rette for betydelige utslippsreduksjoner nasjonalt.» Stortingsmelding nr 41

2.3. Regionale føringar

- Klimaplan for Hordaland 2014 -2030. Regional klima- og energiplan

Visjon for Hordaland.

«Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet»

Mål

Klimagassutslepp

«Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter ein årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030».

Energi

«Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Det vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter ein årleg reduksjon på 1,3 % fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald».

Tilpassing til klimaendringar

«Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve».

- Vestland. Utfordringar for fylket og for regionane.

Mellom anna med :

- Klimaomstilling
- Gode transportsamband og smart mobilitet
- Grøn konkurransekraft

2.4. Kommunale føringar

I frå kommuneplanen sin samfunnsdel i frå 2015:

«Berekraftig utvikling er ei utvikling som dekkjer behova i dag utan å øydeleggja behova for dei komande generasjonane. Kommunen som tenesteytar, forvaltningsmyndigheit og samfunnsutviklar skal arbeida for reduksjon av det samla forbruket av ikkje fornybare ressursar».

«Føremålet i planen er at kommunen skal verta eit førebilete lokalt i arbeidet med å redusera klimagassutslepp, gjennom eit heilskapleg og langsiktig perspektiv».

Om stadutvikling


«Overordna mål: Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet».

Om livkvalitet

«I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleva høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.»

3. Sentrale tema i det lokale klimaplanarbeidet

3.1 Utslepp av karbondioksid i Kvam.




Karbondioksid vert rekna som den viktigaste klimagassen. Den bidreg mest til menneskeskapte klimaendringar, og utgjer over 80% klimagassutsleppa i Noreg. Tabellen ovanfor viser utsleppskjeldene av karbondioksid i Kvam i 2017.

3.1 Avfallshandtering

Nr 13 FN sitt mål om å stoppa klimaendringane

Kommunen har ansvar for innsamling og handsaming av avfall frå hushaldningane. I Kvam er det BIR som står for handtering og slutthandsaming av avfallet.



Aktuelle tema

- redusera metanutslepp i frå deponi
- avfallshandtering og energiproduksjon
- avfallsreduksjon i eiga verksemd
- innbyggjarretta tiltak

3.2 Bygg og eigedom

Nr 7 FN sitt mål om –rein energi for alle

Byggesektoren står for nesten 40 % av energibruken i Norge. Kommunen eig og driv ein omfattande bygningsmasse, som skule, rådhus, barnehagar og skular mm. I samband med bygg kan det vera fleire innfallsvinklar i høve til energi- og klimaplanen.

Aktuelle tema

- kartleggja klimavenlege løysingar i idéfasen for byggeprosjekt
- energieffektive og klimavenlege nybygg
- energieffektivisering i offentlege bygg
- påverka privatpersonar og næringsliv i kommunen til energieffektivisering og utfasing av fossil energibruk

3.3 Energiproduksjon- og distribusjon

Nr 7 FN sitt mål om –rein energi for alle

Kommunen har ein rolle som samfunnsplanleggjar og som eigar i avfallsselskap og energiselskap.

Aktuelle tema

- eigarstrategiar

3.4 Haldningsskapande arbeid

Nr 13 FN sitt mål om å stoppa klimaendringane

Mange klimatiltak som kommunen skal gjennomføra vil kreva oppslutning og støtte i frå innbyggjarane. Mobilisering er difor vikt om kommunen skal gjennomført mange av tiltaka i energi- og klimaplanen.

Aktuelle tema

- fortelja innbyggjarar, næringsliv og andre interessentar om korleis kommunen arbeider med klimaløysingar (klimarisiko- og moglegheiter) –haldningsskapande arbeid.
- visa fram effekten av etablerte klimatiltak
- får fram tilleggseffektar som helse trivnad, betre miljø
- hjelpa innbyggjarar og verksemder å planleggja grøn omstilling
- hjelpa innbyggjarar og verksemder med å investera i samsvar med kommunen sine klimamål
- ynskje om innspel klimaarbeidet. Kva ynskjer innbyggjarane? Korleis kan dei engasjera seg og bidra
- gjera kommunen sitt klimaarbeid kjent for dei tilsette i heile organisasjonen
- aktiv deltaking i klimanettverk

3.5 Innkjøp og offentlege anskaffelsar

Nr 7 FN sitt mål om –rein energi for alle

Kommunen kan med sine innkjøp vera med å bidra til omstilling til eit lågutsleppssamfunn, og påverka til meir klima- og miljøvenlege løysingar

Aktuelle tema

- krav til grønne anskaffelsar i kommunen
- bruk av miljøbonus og miljøvekting ved anskaffelsar
- nytta Difi sine rettleiarar og kriteria ved innkjøp og nytta Difi sin effektkalkulator

3.6 Miljøstyring og miljøsertifisering

Konkrete tiltak i klima- og energiplanen kan vera å innføra systematisk miljøstyring. Miljøsertifisering er ei ekstern verifisering som gjev ein tryggleik for at organisasjonen arbeider seriøst for å redusera sin påverknad av det ytre miljøet.

3.7 Landbruk

Sektoren landbruk omfattar jordbruk og skogbruk og andre landareal. Utslepp av klimagassar gjeld i hovudsak metan og lystgass frå jordbruket, medan skogen i dag har eit nettoopptak av karbondioksid.

Nr 2 FN sitt mål om å utrydda -svolt

Aktuelle tema

- redusera utslepp i frå landbruket
- auka karbonopptak i skog og redusera utslepp i frå andre arealkategoriar

3.8 Transport og arealbruk

Nr 7 FN sitt mål om rein energi for alle

Nr 11 FN sitt mål om berekraftige byar og samfunn

Transportsektoren står for cirka ein tredjedel norske klimagassutslepp og drøyt ein fjerdedel av energiauken. Tiltak som omfattar arealplanlegging og transport er difor svært viktig. Hovudmålet kan vera å redusera trongen til transport og leggja til rette for at den attverande transporten kan gjerast på ein klimavenleg måte.

3.9 Vatn- og arealbruk

Lystgass og metan oppstår ved naturleg nedbryting av organiske materiale i avlaupssystemet. Energiforbruket innafor denne sektoren er knytt til pumpearbeid, drift av reinseanlegg og oppvarming av bygningar.

Nr 6 FN sitt mål om reint vatn og gode sanitærtilhøve

3. 10 Innovative løysingar og grønt næringsliv

Det «grøne skiftet», handlar om ei endring i ein meir miljøvenleg retning. Innovasjon handlar om fornying, nyskaping og forandring. I denne samanhengen er det snakk om nye løysingar basert på ny teknologi og nye produksjonsmetodar, med «grøn vekst», som kan vera med å redusera klimautsleppa. I ein marknad som stadig etterspør nye produkt med mindre klimaavtrykk, må næringslivet vera med for å overleva. Dette gjeld også det lokale næringslivet.

3.11 Kommunal klimastrategi for kommunen sitt eigarskap

Kommunen har mange former for eigarskap, uavhengig av eigarskapsstruktur, så kan kommune vera med å påverka filosofien til verksemda, jf mellom anna dei føregåande punkta om miljøsertifisering, bygg og anlegg, innkjøp mm.

Nr 12 sitt mål om ansvarleg forbruk og produksjon

3.12. Klimaendringar

I rapporten «Klima i Norge 2100» (Hanssen-Bauer m. fl. 2015) vert det teikna eit bilete av hovudtrekka me kan forventa med bakgrunn i dei menneskeskapte klimaendringane. Fram mot år 2100 kan me i Noreg sjå for oss fylgjande endringar:

- Auke i årstemperaturen på 4,5 grader Celsius. Størst i Nord-Noreg og minst på Vestlandet. Spesielt vintrane vert varmare.

- Auka årsnedbør med rundt 15%.

- Kraftigare og hyppigare styrtregnsperiodar

- Regnflaumane som vert større og kjem oftare

- Flaumar i frå snøsmelting som vert færre og mindre fordi det vert mindre med snø i låglandet, sjølv om det vert meir snø i einskilde høgfjellsområde

- Færre isbrear og dei som er igjen vert mykje mindre

Eit havnivå som aukar med mellom 15 og 55 cm avhengig av kvar ein er

Klimaendringane med meir nedbør, auka flaum- og skredfare, samt stormflo, vil medføra gradvise endringane med havnivåstigning og endringar i det biologiske mangfaldet. Endringane vil og gje oss store utfordringar. Miljødirektoratet legg vekt på at kommunane må ta klimaendringane med i alt kommunalt planarbeid igjennom god arealplanlegging og unngå fare for risiko som fylgje av flaum og skred. Redusera truslar i mot liv, helse og materielle verdier knytt til klimaendringar. Oppretthalda samfunnsviktige funksjonar og infrastruktur.

3.13 Klimatilpassing

Kvam herad er med i KS sitt klimanettverk om klimatilpassing, for å skaffa seg meir kunnskap om dette tema. KS definerer arbeidet med klimatilpassing i kommunane på fylgjande vis:

«Med klimatilpassing menes planlegging og gjennomføring av tiltak for å håndtere både naturfare (flom, ras, stormflo, havstigning mv.) og andre utfordringer som klimaendringar gir (endringar av mangfold, redusert drikkevannskvalitet, råteskader mv). Klimatilpassing omfatter både kortsiktige tiltak og meir langsiktig arbeid».

4. Utreiingar

Planen skal innleiingsvis, ta for seg måloppnåing i frå førre energi- og klimaplan.

Miljødirektoratet sin rettleiar for energi- og klimaplanar legg vekt på at planar som handsamar klima, bør vera strategiske og byggja på grundige analysar av nosituasjonen. Det bør leggjast vekt på samarbeid om strategiske mål, samtidig som det skal utgreiast tiltak som kan gjennomførast på kort sikt.

Nosituasjonen vil handla om å skaffa mest mogleg oversikt over lokale utslepp av klimagassar og energibruk. Det må lagast statistikk og oversikter, som kan gje eit godt grunnlag for utveljing av dei viktigaste tema, og som eit godt grunnlag for mål og tiltak.

Det må også lagast framskrivingar av klimaendringar og klimatilpassingar som kommunen skal ta omsyn til i sitt vidare arbeid for å sikra viktig infrastruktur. Peika på spesielle utfordringar og spesielle geografiske område.

Klima og energiplanen bør baserast på relevans og lokale tilhøve og innehalda:

- Informasjon om klimagassutslepp i kommunen fordelt på kjelder og sektorar. Alle kjelder med direkte utslepp av klimagassar innanfor kommunen sine grenser bør inkluderast. Kartlegging av kommunen sine utslepp skal skilja mellom biologiske og fossile utslepp.
- Informasjon om energisystem, energiforsyning og forbruk av energi innanfor kommunen sine grenser, herunder tilgang på miljøvenlege energiressursar
- Framskriving av utsleppa i kommunen for ti år dersom det ikkje vert gjennomført nye tiltak
 - forventa etterspurnad etter energi
 - forventa ny energiproduksjon
 - bruk av ulike energikjelder i private hushald

Planen skal inkludera FN sine bærekraftsmål og ha med tema om artamangfald

Planen skal innehalda mål for utsleppsreduksjonar og mål for meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging. Det må også lagast mål for kommunen si tilpassing til framtidige klimaendringar.

5 . Planprosess, framdrift, medverknad og organisering

5.1. Planprosess og framdrift

Fase	Aktivitet	Milepæl/dato
Oppstart av planarbeid	Oppstart av planarbeid	Februar 2020
Planprogram	Ferdig planprogram.	Februar 2020
	Utvelging av innleidd hjelp	Mars 2020
	Offentleg ettersyn i seks veker.	April 2020
Vedtak av planprogram	Heradsstyret vedtek planprogrammet.	Juni 2020
	Utarbeida faktagrunnlag med status og framskrivingar	Mai –Juli 2020
Plandokument	Utarbeiding av plandokument.	Mai – September 2020
	Medverknad -viktige målgrupper: • Næringslivet i Kvam • Born og unge • Kvam herad	Mai –September 2020
	Fastsetja mål	Mai –september 2020
	Politisk handsaming, vedtak om høyring og offentleg ettersyn av plan.	Oktober -2020
	Høyring og offentleg ettersyn i seks veker	Oktober –November 2020
	Arbeid med eventuell justering av planen basert på merknader og innspel i høyringsfasen	November –desember 2020
	Andre gongs handsaming av planen i heradsstyret	Februar 2021
Vedtak av energi- og klimaplan	Kunngjering av planen	Februar 2021

Kvam herad ynskjer å bruka innleidd hjelp til å gjennomføra arbeidet med energi og klimaplan. Innleidd konsulent får i oppdrag å få på plass status for nosituasjonen over lokale klimagassutslepp basert på ulike utsleppskjelder, samt status på kommunen sitt arbeid på klimatilpassing. Det må komma på plass ei god oversikt, som gjer det mogleg å velja ut dei viktigaste tema, som grunnlag for mål og tiltak i høve til klimagassutslepp og klimatilpassing.

5.2. Medverknad

Plan -og bygningslova stiller krav til medverknad. Ein brei og god medverknad er avgjerande for eit godt kunnskapsgrunnlag, gode løysingar og eit innhald med høg legitimitet. Det betyr at det skal

leggjast til rette for innspel i frå innbyggjarane i alle typar planprosessar. Kommunen skal sikra aktiv medverknad i frå grupper som krev spesiell tilrettelegging. Etter § 3-3 tredje ledd i plan- og bygningslova skal heradsstyret sørgja for å etablera ei særskilt ordning for å ta vare på born og unge sine interesser i planlegginga. Born og unge er viktige talerøyr i klimadebatten og må difor få ein sentral plass i arbeidet. Det same vil gjelda for det lokale næringslivet, som er avhengig av stadig strengare krav til produksjon og ein marknad som etterspør varer og tenester som vert produsert på ein miljø- og klimavenleg måte. Kvam herad som samfunnsutviklar, produsent av tenester, eigar av mange bygg og som forbrukar av varer og tenester, har mange rollar, og må difor ha ein brei representasjon i prosjektgruppa. Innleidd konsulent har ansvar for prosess og medverknad.

5.3. Organisering

Organisering av planarbeidet.

Styringsgruppe:	Formannskapet
Prosjektansvarleg:	Rådmann –Anita Hesthamar
Prosjektleiar:	Innleidd konsulent
Prosjektgruppe:	Innleidd konsulent
	Samfunns og utviklingssjef, Jon Nedkvitne
	Plan- og byggesakssjef, Heidi Ørjansen
	Kommunegeolog, Tore Dolvik
	Teknisk sjef, Lars Ese Ur
	Representant i frå eining for helse og omsorg
	Representant i frå eining for oppvekst
	Økonomi og stab, Eivind Dyrøy
	Frå ungdomsrådet-Jasmin Golis og Gaute Øynmo Mælen
	Kvam næringsråd, to- tre personar
	-representant i frå jordbruk
	-representant i frå havbruk
	-representant i frå transport/vegtrafikk
	-representant med biologisk kompetanse/kunnskap om naturmangfald

